

Lite nytt om Evjudalen

Det har ikkje kome noko løysing på konflikten mellom Bø kommune og If forsikringsselskap om kven som har ansvaret for at damtersklane rasa ut i Evjudalen på vårparten. Prosjektleiar Anne Gry Sturød seier at kommunen har spelt inn eit nytt forslag til forliksløysing og nå ventar på svar. Om ein ikkje kjem til einigheit nå trur Sturød at det truleg går mot retts sak. I så fall kjem saka opp for retten 26. august, i Aust-Telemark tingrett. *Bilete frå øvre dam 14. mai.*

**Vanskelegare arbeidsmarknad**

Bedrifter i Telemark har negative forventningar for sysselsettinga neste år. Bedriftene i fylket har ein netto forverring av sysselsettinga på ein prosent, mot ti prosent på landsbasis. Det viser årets bedriftsundersøking som er utført av NAV og nyleg blei publisert. Med dette er bedriftene sine forventningar til nyttilsettingar i Telemark på lågaste nivå sidan 2003, då

**Kommunereforma**

Den blå-blå regjeringa jobbar aktivt for at kommunar i Noreg skal slå seg saman til færre einingar. Debatten om kva for løysingar som er best er godt i gang.

Stor usemje i kommunalk

Medan Frp hyllar forslaget frå regjeringa om kommunesamanslåing, meiner Ap og Sp at proposisjonen har fleire manglar. Blant anna meiner dei at regjeringa byrjar i helt feil ende.

Trine Barka Højmark

Nyleg la regjeringa fram planen sin for den komande kommune-reforma. I korte trekk gjev kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner (H) kommunane ein frist på to år til å fatte vedtak om samanslåingar og gjev dei samstundes ein god slump pengar om dei får ein avtale i hamn. Greier dei ikkje å fatte noko vedtak om samanslåing innan fristen, får ikkje kommunane dei økonomiske påskjøningane og står i fare for at regjeringa slår dei saman likevel.

Me har snakka med representantane frå de ulike partia i kommunal- og forvaltningskomiteen. Dei har svært ulike meiningar om proposisjonen frå regjeringa.

– Vil bli tvang

Heidi Greni, som representerer Senterpartiet i kommunalkomiteen, er på ingen måte nøgd med det som kommunalministeren la fram.

– Eg synest ikkje noko om dette forslaget. Dette betyr at det vil bli tvangssamanslåingar i 2017 og det blir restriksjonar for dei kommunane som ikkje gjer som Sanner vil, seier ho.

Ho er også uroa over tidsplanen regjeringa legg opp til og meiner det er for kort tid til å gjennomføre ei så omfattande reform.

– Dette er den første kommunereforma på 50 år og så skal ho gjerast unna på berre eit par år. Eg trur dette er eit forsøk på å ta folk på senga, seier Sp-politikaren.

Får ikkje fleirtal

Ho trur samstundes at regjeringa ikkje vil få gjennomslag for dette

i Stortinget, då dei er ei mindretalsregjering.

– Eg vil sjå dei som vågar å presse gjennom denne reforma i Stortinget. Eg trur ikkje dei vil få fleirtal for dette, og eg håpar at kommunane ikkje lar seg skremme av Sanner og bit på agnet hans, seier Greni.

– Kommunane må få diskutere samanslåing på sine premissar og ikkje på Sanner sine. Verken me stortingsrepresentantar eller Sanner veit kva som gagnar kommunane og lokalsamfunna best – det er lokalpolitikarane som veit det, strekar ho under.

Sp-politikaren meiner også at regjeringa sitt mål med reforma er færre kommunar, i staden for å tenkje på det mest vesentlege; betre tenester til innbyggjarane.

– Meir robuste kommunar betyr i få tilfelle større kommunar. Det er dei minste kommunane som leverer dei beste tenesene og har dei mest nøgde innbyggjarane, seier ho.

Pressa opp i eit hjørne

Greni meiner heile kommunereforma er snudd på hovudet og at dei byrjar i feil ende.

– Det burde først ha blitt avklara kva for oppgåver kommunane skal vere i stand til å løyse og kva for oppgåver dei vil ha. I tillegg til korleis fylkesnivået skal bli. Deretter kunne representantar for kommunane setje seg ned og diskutert om dei greier seg best åleine, saman med andre eller med interkommunale samarbeid. Det er ein reell diskusjon, seier ho og fortset:

– Dette er ikkje ei reform som styrkar lokaldemokratiet – då hadde dei høyrte på dei lokale vedtaka.

Byrjar i feil ende

Eirik Sivertsen (Ap) er einig med Sp og meiner også at prosessen er snudd på hovudet.

– Det er problematisk at det ikkje er avklara i forkant kva for oppgåver kommunane skal ha. Det er vanskeleg å avgjere kva for naboar det kan vere lurt å slå



Ueinige om regjeringas forslag. Representantane i kommunalkomiteen er ueinige om regjeringa sin plan for kommunereforma er bra eller ikkje. Opposisjonen meiner den har fleire manglar, medan Frp meiner den er god. Her frå komiteen sin studietur til Finland i januar.

seg saman med, før det er avklart kva dei nye oppgåvene er og kva for utfordringar kommunane vil få. Dette er helt feil ende å byrje i, seier han.

I tillegg meiner han at det regionale fylkesnivået må bestå og at dei også bør avklare dette no.

– Eg er ikkje einig med regjeringa at dette kan komme etterpå, seier Sivertsen.

– Snikinnfører innbyggjargrense

Sjølv om regjeringa har sagt at ho ikkje vil setje noko innbyggjargrense, meiner Sivertsen at det er det den no gjer.

– Reformstøtta er snikinnføring av ei innbyggjargrense på 10.000. Dei kommunane som ikkje når opp til 10.000 innbyggjarar etter ei samanslåing får inga reformstøtte. Det vil seie at om sju kommunar med 1.000 innbyggjarar slår seg saman, så vil dei ikkje få støtte. Gulrøtene

som Sanner snakkar om er berre babygulrøtter, meiner han.

Når det gjeld tvang eller fri vilje i kommunereforma er Sivertsen oppteken av at fri vilje skal ligge i botn i denne prosessen. Han meiner likevel at Stortinget må vere dei som til sjuande og sist bestemmer korleis kommunestrukturen blir, men er oppteken av at prosessen i forkant er god.

– Prosessen fram mot dette er